



VARTDAL PLASTINDUSTRI AS
Vartdalsstranda 1072
6170 VARTDAL
Att. Mounir El'Mourabit

Saksbehandlar, Innvalstelefon
Lisa Thorstensen, 71 25 84 56

Vedtak om løyve til kverning og komprimering av EPS plast - Vartdal Plastindustri AS

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ferdigbehandla søknaden 08.06.2020 og gjev med dette løyve til verksemd etter forureiningslova på visse vilkår. Løyve med tilhøyrande vilkår er vedlagt.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fatta vedtak om gebyr for saksbehandling på kr 16 600.
Vedtak om løyve og gebyrsats kan påklagast til Miljødirektoratet innan 3 veker.

Vi viser til dykkar søknad av 08.06.2020 om løyve til å kverne og komprimere EPS plast hos Vardal Resirkulering ved Liadal i Ørsta kommune.

Vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjev løyve til Vartdal Plastindustri AS på visse vilkår. Løyve med tilhøyrande vilkår er vedlagt. Løyve er gjeven i medhald av lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall §11 og §29. Det er satt vilkår til løyve med heimel i forureiningslova §16. Løyve gjelder frå dags dato. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ved avgjera av løyve og fastsetting av vilkår, lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempe ved tiltaket samanlikna med de fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre.

Løyve kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal være basert på skriftleg saksbehandling og en forsvarleg utreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor føreligge i god tid før endring er ønska gjennomført.

At forureining er tillate, utelukkar ikkje erstatningsansvar for skade, ulempe eller tap forårsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56.



I tillegg til dei krav som følger av løyve, pliktar bedrifta å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova samt forskrifter som er heimla i desse lovane. Enkelte av forskriftene er nemnd i løyve. For informasjon om andre reglar som kan være aktuelle for bedrifta, viser vi til lovdata.no. Brot på løyve er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følger direkte av forureiningslova og produktkontrolllova samt forskrifter fastsett i medhald av desse lovane, er straffbart.

Saksframstilling og grunngevingar

Saken

Vartdal Plastindustri AS har søkt om løyve etter forureiningslova til å kverne og komprimere EPS plast for sal. Det er søkt om ein årleg mengde på 2000 tonn plast. Lagringskapasiteten er på 50 tonn plast med maks lagringstid på 4 veker. All kverning, komprimering og lagring før transport vil bli gjort innandørs.

EPS-perler blir komprimer og pressa ut til blokker som blir stabla på paller. Pallane blir så plastra og lagra innandørs til det er nok pallar til å fylle ein lastebil, ca. 46 pallar. Eventuelt avfall frå komprimeringa blir sugd opp frå golvet kvar dag. Anlegget får EPS frå avfallstasjonar mellom Bergen og Trondheim.

Søknaden har vært send på forenkla høyring frå 19.06.2020 til 03.08.2020. Det er to mottakarar av dette varselet. Begge har svart før høyringsfristen er utgått.

Ørsta kommune stiller seg positiv til aktiviteten og har ingen merknader til området.

Grøvik Verk As har heller ingen motsegn til aktiviteten.

Fylkesmannen si vurdering

Området der Liadal lageret ligg er eit etablert industriområde. Alt arbeid og lagring vil skje innandørs, og vil derfor ikkje medføre utslepp til omgivnadane.

Fylkesmannens vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Vartdal Plastindustri AS skal ha all aktivitet innandørs og skal ikkje ha utslepp av prosessvann. Området er allereie i bruk til industri og vi kan ikkje sjå at etableringa kan føre til at den samla belastninga på resipientane vil auke, jf. §8 og §10 i naturmangfaldlova. Fylkesmannen har derfor ikkje gjort nærmare vurderingar etter naturmangfaldlova.

Vedtak om gebyr

Vartdal Plastindustri AS skal betale eit gebyr på kr 16 600 for Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin behandling av søknaden, jf. forskrift om begrensning av forureining av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyver og kontroll etter forureiningslova. Vi har brukt 3 dagar på å behandle søknaden. Saksbehandlinga knytt til behandling av søknaden er plassert i gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Faktura vert sendt ut av Miljødirektoratet. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Klageadgang

Vedtaket, løyve og plassering i gebyrklasse, kan påklagast til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå underretning om vedtak er komen fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket.



Ein eventuell klage skal angi kva det klagast over. Klagen bør vere grunngitt, og andre opplysningar av betydning for saken bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket utsettast. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak bestemme at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjera av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen i Møre og Romsdal for nærare opplysningar om dette. Fylkesmannen kan også gi meir opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betydning for saka ved etterspørsel.

Klage på gebyrsats blir ikkje gitt oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må derfor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Offentleggjing av løyve

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i «Forskrift om begrensning av forurensning».

Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i lokal avis.

Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyve, kor man kan venda seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtak.

Fylkesmannen vil kunngjer vedtaket på sine nettsider www.fylkesmannen.no/mr.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleder

Lisa Thorstensen
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Løyve til mottak, mellomlagring og komprimering av EPS-plast for Vardal Plastindustri AS - Ørsta kommune

Kopi til:

GRØVIK VERK AS	Liadal	6152	ØRSTA
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA



Løyve til mottak, mellomlagring og komprimering av EPS plast for Vartdal Plastindustri AS i Ørsta kommune

Løyve er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall § 11 jf. §§ 16 og 29. Løyve med seinare endringar er gjeve på grunnlag av opplysningar framkomne i søknad og under saksbehandling. Vilkår er på side 3 til og med side 10.

Bedrifta må på førehand avklare skifteleg med Fylkesmannen i Møre og Romsdal endringar den ønsker å foreta i forhold til opplysningar gjeve i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig betydning.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyva ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyva er tråd i kraft, skal bedrifta sende Fylkesmannen en regjering for verksamheitas omfang slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyva.

Bedriftsdata

Bedrift	Vartdal Plastindustri AS
Beliggenhet/gateadresse	Vartdalstranda 1072
Postadresse	6170 Vartdal
Kommune og fylke	Ørsta kommune, Møre og Romsdal
Org. nummer (bedrift)	970890513
Gards- og bruksnummer	5/17
NACE-kode og bransje	38.110 – Innsamling av ikkje farleg avfall
NOSE-kode(r)	109 Behandling og disponering av avfall

Fylkesmannens referanser

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2020.0674.T	1520.0108.01	4

Løyve gjeven: 02.07.2020	Endringsnummer: -	Sist endra: -
Christian Dahl (e.f.) fagleiar		Lisa Thorstensen konsulent
<i>Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.</i>		

¹ Miljømyndighetenes system for beregning av hyppighet av frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høyest og 4 er lavest.

Endringslogg

Endringsnummer	Endringer av	Punkt	Beskrivelse
	[dato]		

1 Rammer for løyve

1.1 Ordinært avfall

Løyva er basert på eit årleg mottak av inntil 2 000 tonn EPS plast fra avfallsstasjonar fordelt på følgande fraksjonar:

Type avfall	Avfallsstoffnr.	Maksimal lagringstid før behandling
EPS plast	1731, 1732	12 månadar
		Maksimal lagringstid
Ferdig komprimert EPS		1 månad

1.2 Lagring av råvarer og produkt

All lagring av plast (råvarer og produkt) skal skje innandørs. Den totale mengda plast (råvarer og produkt) som er lagra skal ikkje overstige 2 000 tonn per år. Sjå også pkt. 3.3.

Dersom verksemda har behov for lagring hos andre aktørar er verksemda ansvarleg for at desse har gyldig løyve.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vann, samt støy og avfall, er isolert sett ikkje ønska. Sjølv om utslepp er innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, også for støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikten omfattar også utslepp av komponentar det ikkje gjennom vilkår er uttrykkeleg satt grenser for.

Stoffa på prioritetslista, oppført i vedlegg 1, er blant dei mest helse- og miljøfarlege stoff som er i bruk. Utslepp av desse stoffa er berre tillate dersom dei er så små at dei må reknast å vere utan miljømessig betydning. Verksemda skal være spesielt oppmerksom på eventuell fare for utslepp av stoffa på prioritetslista.

2.2 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i samsvar med internkontrollforskrifta². Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentera at verksemda overheld krav i denne løyva, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovane. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

² Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6. desember 1996.

Verksemnda pliktar til ein kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne regjere for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse følger av vilkår 10.1.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lavast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemnda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha utsleppsmessig betydning. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7.

2.4 Plikt til å gjennomføre tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for økt forureining, pliktar verksemnda å iverksette dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, medrekna om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemnda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen i Møre og Romsdal om unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessig betydning. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar til vilkår 10.4.

2.5 Krav til kompetanse

Verksemnda skal ha tilstrekkeleg kunnskap om avfallet til å kunne behandle, lagre og ta i mot avfall slik at det ikkje oppstår utslepp eller medfører forverring av miljøet. Verksemnda skal ikkje handtere farleg avfall. Verksemnda skal råde over tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko for sin verksemd.

2.6 Informasjon til kundane

Verksemnda skal gi kundane forsvarleg informasjon med omsyn til kva type avfall som det er løyve å levere til anlegget og korleis avfallet skal leverast.

3 Mottak og handtering av avfall

3.1 Mottak

Verksemnda skal ha rutine for mottakskontroll som sikre at plastavfall som kjem inn til anlegget, er i tråd med løyve. Verksemnda må sørge for at avfall blir sortert ut og underlagt en forsvarleg miljømessig handtering.

Ulovleg avfall som kjem inn, skal registrerast som avvik, og avfallsprodusent skal varslast om feilleveringa. Mottakskontrollen skal også omfatte eit aktivt system og rutinar som hindrar at slike forhold gjentar seg.

Avfall som oppstår som følge av produksjonen skal handterast forsvarleg og leverast til godkjent mottak.

3.2 Sortering og lagring av avfall

All lagring, sortering og omlasting av avfall skal skje innandørs på tett dekke, sjå også pkt. 1.2.

3.3 Nærmiljøet

Verksemda pliktar alltid å halde anlegget og områda omkring, inkludert nærmaste tilførselsveg i orden og fri for forsøpling.

Verksemda skal inngå avtale med skadedyrsfirma for førebygging og motverknad av skadedyr.

3.4 Driftstider og køyretid

Løyve gjelder for dag- og kveldsdrift.

Ordinær driftstid skal være innanfor tidsrommet fra klokka 07.30 til klokka 16.30 måndag til fredag. Det gis i tillegg drift i tidsrommet 16.30 – 23.00 på kvardagar med forutsetning om at støykrava vert overhalde.

4 Utslepp til vann

4.1 Generelle vilkår

Verksemda skal sørgje for at handtering av avfall ikkje medfører forureinande utslepp til vann ved søl og lekkasjar og andre liknande diffuse utslepp. Alt vatn som nyttast til vask av innkomen plast skal leverast vidare til godkjent mottak.

4.2 Oljeholdig avløpsvatn fra lager, spyle- og vaskeplassar, verkstader og liknande

Alt oljeholdig avløpsvatn frå vask av bilar, tankar og liknande, samt eventuell avrenning frå flater utandørs kor det kan oppstå oljesøl, skal reinsast i sandfang og oljeutskiljer som er dimensjonert etter største belastning. Nedstrøms for oljeutskiljer skal det være ein inspeksjons- og kontrollkum som gjer moglegheit for å ta prøver av vatn utan at det er nødvendig å stige ned.

Verksemda plikter å ha best mogleg drift av oljeutskiljer. Dette omfattar både å ha kontroll med at oljeutskiljer en har tilstrekkeleg kapasitet til å behandle de faktiske belastningane, og at vilkåra for drift er optimale.

Oljekonsentrasjonen i utsleppet frå oljeutskiljeren skal ikkje overstige 10 mg/l. Utslepp skal ikkje være forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1 i denne løyva. Dette må kunne dokumenterast med målingar av relevante prioriterte stoffar.

4.3 Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå verksemdas uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

Utslepp skal ikkje være forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1 i denne løyva. Dette må kunne dokumenterast med målingar av relevante prioriterte stoff.

4.4 Sanitæravløpsvatn

Verksemda pliktar å følge krava kommunen stiller for utslepp av sanitæravløpsvatn.

Dette løyva grip ikkje inn i kommunens rett til å stille krav ved eventuell tilknytning til kommunalt nett.

5 Utslepp til luft

5.1 Generelle krav

Diffuse utslepp til luft, for eksempel frå lagerområder og områder for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

Nødvendige tiltak må gjennomførast slik at det ikkje oppstår sjenerande lukt i omgjevnadene fra lagra avfall.

5.2 Støv

For å unngå støvproblem i nærmiljøet, skal vegar og plasser gjerast reine regelmessig, eller andre støvreduserande tiltak settast i verk.

5.3 Lukt

Det skal ikkje førekomme luktutslepp fra verksemda. Men verksemda skal ha eit system for registrering av eventuelle klager på lukt, som skal knytast til verksemda geografisk og i tid. Desse klagane skal loggførast. Det skal gjerast ein vurdering av årsaka til luktutsleppet og ein skildring av eventuelle tiltak som vert iverksett. Denne informasjonen skal gjerast kjend for naboane og Fylkesmannen.

Eventuelle klagar i løpet av året skal være ein del av den årlege rapportering til Fylkesmannen, jf. pkt. 11.3.

6 Kjemikalier

Med kjemikalier meinast her kjemiske stoff og stoffblandingar som brukast i verksemda, både som hjelpekjemikalier, for eksempel begroingshindrandemidlar, vaskemidlar, hydraulikkvæsker og midlar for motverkande brann.

For kjemikalier som nyttast på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal verksemda dokumentere at den har føretatt ein vurdering av kjemikalienes helse- og miljøeigenskapar på bakgrunn av testing eller anna relevant dokumentasjon, jf. også vilkår 2.4 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikalier. Det skal utførast ein løypande vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø forårsaka av de kjemikalier som nyttast, og av om alternativ som finnes. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finns, plikter bedrifta å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe, jf. produktkontrollova³.

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkta, skal ikkje framstillast, bringes i omsetning, eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.⁴

7 Støy

Verksemda bidreg til utandørs støy ved omkringliggende bustader og fritidsbustader skal ikkje overskride følgande grenser, målt eller berekna som innfallande lydtryknivå ved den mest støybelasta fasaden:

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Laurdag (kl. 07-23)	Søn-/heilag dagar (kl. 07-23)	Natt (kl. 23-07)	Natt (kl. 23-07)
$L_{pAekv12h}$	$L_{pAekv4h}$	$L_{pAekv16h}$	$L_{pAekv16h}$	$L_{pAekv8h}$	L_{AFmax}
50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)	40 dB(A)	50 dB(A)

L_{pAeqT} er A-veiet gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T angir midlingstida i tal på kor mange timar.

L_{AFmax} , som er gjennomsnittleg A-veiet maksimalnivå for de 5-10 mest støyande hendingar i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrenser skal overhaldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensa gjeld all støy frå bedriftas aktivitet, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Transport av varer med bil inn og ut frå området skal gå føre seg på kvardagar (ikkje laurdag, søndag eller heilagdag) i tidsrommet mellom kl. 07.30 og 23. Støy frå midlertidig bygg- og anleggsverksemd og fra persontransport av verksemdas tilsette til og frå bedriftsområdet, er likevel ikkje omfatta av grensene.

³ Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) av 11.juni 1979 § 3a.

⁴ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH -forskriften) av 30. mai 2008

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad av tidlegare nemnde type når busetnaden er etablert etter at støygrensene tok til å verke.

8 Energi

8.1 Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eget bedriftsområde legge til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt med mindre det kan godtgjerast at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

9 Førebyggande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

9.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av all aktivitet ved anlegget med tanke på ytre miljø. Verksemda skal vurdere resultat i forhold til kva den meiner er akseptabel miljørisiko. Potensielle kjeldar til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli omfatta av akutt forureining og de helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan medføre.

Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan medføre forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemdas område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

9.2 Førebyggande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både tiltak som gjeld reduksjon av sannsyn og konsekvens skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over de førebyggande tiltaka.

Verksemda plikter å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt avgrense risikoen for akutte utslepp, inkludert akutte utslepp fra oljeutskiljer og som følge av brann i anlegget.

9.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei tiltaka som er sat i verk for å redusere risiko, vurdere om det er nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining.

Beredskapen skal være tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ein kvar tid

representerer. Beredskapen mot akutt forureining skal øvast i ein frekvens tilpassa verksemda.

9.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar til gjeldande forskrift⁵ om varsling av akutt forureining. Bedrifta skal også så snart som mogleg underrette Fylkesmannen i slike tilhøve. Rutinar for varsling skal være omtala i verksemdas internkontrollsystem.

10 Journalføring og rapportering

10.1 Journalføring

Det skal føres kontinuerleg oversikt (journal) over kva slags avfall og mengder som blir mottatt og passerer anlegget. Av journalen skal det gå fram mengder inn og ut av anlegget og leveringsstader.

10.2 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal årleg utarbeide ein avfallsoversikt som gjere greie for mengder og typar avfall som er:

- lagra hos verksemda ved årets start (01.01.)
- mottatt
- send vidare
- lagra på verksemdas område ved årets slutt (31.12.)

I tillegg skal rapporten:

- Gjere greie for eventuelle avvik

Denne oversikta skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal årleg innan 1. mars. Skjema for rapportering er på <https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Om-oss/Skjema/> fram til det blir gjort tilgjengeleg i Altinn.

10.3 Miljøovervaking

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kan krevje at det gjennomførast nødvendige undersøkingar for å kartlegge utslipp til ytre miljø. Utgifter til desse undersøkingane skal dekkast av eigaren.

11 Eigarskifte

Dersom verksemda overdragast til ny eigar, skal melding sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal så snart som mogleg og seinast 1 månad etter eigarskifte.

⁵ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 9. juli 1992

12 Nedlegging eller stans i verksemda

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ein verksemda stansar, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ein kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan medføre forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand sendast melding til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Alt lagra farleg avfall, skal leverast til godkjend mottak eller sluttbehandling. Tiltaka som skal gjerast i denne forbindelse, skal rapporterast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal innehalde dokumentasjon på disponering av det farleg avfall og namn på de verksemda som har overtatt avfallet.

Vi kan fastsetje nærmare kva tiltak som er nødvendig for å motvirke forureining samt pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved opphøyr av ein verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden setjast i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom man ønsker å ta opp igjen verksemda, skal det sendast melding til Fylkesmannen i Møre og Romsdal i god tid før man planlegg å starte opp igjen.

13 Tilsyn

Verksemda plikter å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne betydningar, føre tilsyn med anlegga til ein kvar tid.

14 VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1 og 4.1

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig betydning

Metall og metallforbindelsar:

	Forkortingar
Arsen og arsenforbindelsar	As og As-forbindelsar
Bly og blyforbindelsar	Pb og Pb-forbindelsar
Kadmium og kadmiumforbindelsar	Cd og Cd-forbindelsar
Krom og kromforbindelsar	Cr og Cr-forbindelsar
Kvikksølv og kvikksølvforbindelsar	Hg og Hg-forbindelsar

Organiske forbindelsar:

Bromerte flammehemmarar:	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4' isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelsar

1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksinar og furanar	Dioksinar, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkanar C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkanar C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid:

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Alkylfenolar og alkylfenoletoksyliatar:

Nonylfenol og nonylfenoletoksyliatar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyliatar	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelsar (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelsar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelsar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelsar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelsar
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer Perfluoroktansyre C9-PFCA – C14-PFCA	PFOA PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelsar:

Tributyltinnforbindelsar	TBT
Trifenyltinnforbindelsar	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelsar	DBT
Dioktyltinnforbindelsar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbonar

PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)

DEHP

Bisfenol A

BPA

Siloksanar

Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylfenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)fenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)fenol	UV-350

Vedlegg 2 – Definisjonar

I utgangspunktet gjeld alle definisjonar slik dei er nedfelte i det norske regelverket. I tillegg til regelverket er også definisjonar nedfelte i Norsk Standard lagt til grunn.

I dei tilfella der det i dette løyvet er brukt nemning eller uttrykk som ikkje er meir dekt av anna norsk lovverk/standard, gjeld følgjande definisjonar:

Avfall: lausøyregjenstandar eller stoff som nokon har kassert, har til hensikt å kassere eller er forplikta til å kassere. Som avfall reknast ikkje avløpsvatn og avgassar.

Avløpsvatn: sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.

Behandling: prosessar, under dette sortering, som endrar eigenskapane til avfallet med formål å redusere volum, fare, gjere det lettare å handtere eller enklare å gjenvinne.

Fast dekke: dekke som har ei hard overflate, for eksempel asfalt. Ikkje grus eller liknande.

Handtering: fellesnemning for mottak og gjenvinning under dette førebuing til og lagring mens ein ventar på av gjenvinning eller sluttbehandling.

Hushaldsavfall: avfall frå private hushald, under dette større gjenstandar som inventar og liknande.

Innandørs: I bygg eller hall med fire veggjar og tak.

Køyrefast dekke: dekke som har ei hard overflate, for eksempel grus.

Lagring: all oppbevaring av avfall før vidare handtering eller vidaretransport til anna godkjent mottak.

Næringsavfall: avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar.

Omlasting: all overføring/fysisk flytting av sortert avfall frå ei oppbevaringseining til meir tenleg oppbevaringseining, ofte frå ei mindre eining til ei større. Omlasting av avfall endrar ikkje samansetninga til avfallet eller eigenskapar.

Ordinært avfall: Avfall som ikkje er definert som farleg, eksplosivt avfall eller radioaktivt.

Organisk avfall: matavfall, hageavfall og anna nedbrytbart avfall frå hushald og næring, inkludert avfall frå industri, landbruk, akvakultur og avløpsslam.

Overvatn: overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn.

Sortert avfall: avfall der innhaldet til alle fraksjonane er kjent. Sortert avfall blir også kjenneteikna ved at samansetninga er utprega homogen, det vil seie er samansett av like material/materialtypar.

Reint trevirke: Trevirke som ikkje er behandla eller påført noko form for overflatebehandling, for eksempel maling, lim og lakk.

Tett dekke: fast ugjennomtrengelig og tilstrekkelig slitesterkt dekke med oppsamlingsmoglegheit for alle dei materiala/avfallstypene som skal handterast på eller i same område som det tette dekket er (vatn, væske, faste stoff og liknande). I dag reknar vi normalt betong som tett dekke.

Usortert avfall: avfall der innhaldet til alt eller delar av avfallet er ukjent og der avfallet ikkje har gjennomgått ei avsluttande behandling.